



Samarbeidsavtale for Skjergardstenesta i Møre og Romsdal

1. Målsetting og oppgaver

Målsettinga med Skjergardstenesta er å heve standarden for drift og skjøtsel av offentlege friluftslivsområder i tilknytning til sjø og i tilknytning til sjøbasert friluftsliv, slik at desse områda kan bli til glede for allmenta.

Skjergardstenesta skal også arbeide med opprydding av marin forsøpling gjennom haldningsskapande arbeid, og mobilisere og hjelpe frivillige som vil vere med å rydde strender.

Skjergardstenesta skal vere ei varig, profesjonell teneste, og virke i Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, og Sunnmøre friluftsråd sine deltakarkommunar. Skjergardstenesta skal utføre oppgaver forankra i ein godkjent driftsplan.

Skjergardstenesta i Møre og Romsdal skal prioritere arbeidet i deltakarkommunane til dei to friluftsråda i fylket. Statens naturoppsyn skal i tillegg kunne nytte tenesta til å drive oppsyn. Andre kommunar og aktørar kan kjøpe tenester dersom Skjergardstenesta har ledig kapasitet.

2. Partar

Partane i samarbeidet er Staten v/Miljødirektoratet, Møre og Romsdal fylkeskommune, Sunnmøre friluftsråd og Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal.

3. Organisering

Skjergardstenesta er organisert med eit driftsstyre, arbeidsutval og ei driftseining.

Skjergardstenesta skal ha ein leiar for driftseininga med ansvar for den daglege drifta av Skjergardstenesta.

3.1 Driftsstyret

Driftsstyret har det overordna ansvaret for tenesta.

Driftsstyret skal ha 6 medlemmer med slik fordeling:

- ein representant frå staten v/Miljødirektoratet
- ein frå Møre og Romsdal fylkeskommune
- ein frå administrasjon og ein frå styre i kvart av dei to friluftsråda.



Leiar for Skjergardstenesta si driftseining, jfr. pkt. 3, 2. avsnitt, er sekretær for driftsstyret. I tillegg til å ha det alminnelege ansvar for drift av styret, møteinnkallingar, utarbeide saksframlegg, føre møtebok/protokollar mv., skal leiaren også utarbeide forslag til årlege rulleringar av den 4-årige planen for tenesta, med årleg budsjett og driftsplan.

Denne 4-årige planen skal ligge til grunn for Skjergardstenesta sine årlege rekneskap og årsrapportar.

Driftsstyret skal sørge for at arbeidsoppgåvene og geografiske prioriteringar tar omsyn til ressursane dei to friluftsråda legg inn i tenesta.

Leiaren har møte- og talerett i driftsstyret.

Vedtak i driftsstyret skal fattast med alminneleg fleirtal. Ved likt stemmetal, er det vedtatt som statens representant stemte for. Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal startar med leiaren i driftsstyret.

Det skal haldast møte etter behov, men minst ein gong i året.

3.2 Arbeidsutval

Arbeidsutvalet skal vere eit planleggings- og drøftingsforum, og sjå til at Skjergardstenesta gjennomfører driftsplanane driftsstyret vedtek. Medlemmane er dei daglege leiarane i dei to friluftsråda. Leiar for Skjergardstenesta er sekretær med møte- og talerett. I tillegg har ein representant frå Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal møte- og talerett.

Ved eventuelle nye tilsettingar i Skjergardstenesta i Møre og Romsdal, skal prosess og kandidatar drøftast i arbeidsutvalet. Sunnmøre friluftsråd avgjer kven som blir tilsett.

3.3 Driftseining

Møre og Romsdal er driftsområde 8 i den nasjonale Skjergardstenesta.

Skjergardstenesta i Møre og Romsdal skal driftast av Sunnmøre friluftsråd (org.nr. 971369205), som har det daglege driftsansvaret og rapporterer til arbeidsutval og driftsstyre.

Talet på lokale driftseiningar kan bli utvida dersom det er grunnlag for det. Dette skal avgjerast av partane som har den forplikande økonomiske eigarskapen i tenesta.



4. Økonomi/finansiering av Skjergardstenesta

Skjergardstenesta i Møre og Romsdal er finansiert av staten v/ Miljødirektoratet, Møre og Romsdal fylkeskommune og dei to friluftsråda.

Staten fastsett gjennom statsbudsjettet si budsjetttramme for komande år.

Fylkeskommunen sitt tilskot blir politisk handsama i februar kvart år for inneverande driftsår.

Bidraga frå friluftsråda er finansiert gjennom medlemskontingenten som kommunane betalar årleg. Representantskapsmøta i dei to friluftsråda vedtek det årlege driftstilskotet for komande år.

Minst 2 månader før statsbudsjettet skal leggast fram, drøfter partane den årlege driftsramma for Skjergardstenesta for det komande året. Driftsstyret skal vere arena for drøftinga. Staten v/ Miljødirektoratet går inn med 50% av samla driftsramme. Møre og Romsdal fylkeskommune bidreg med ca. 25%, og Friluftsråda/kommunane bidreg med totalt ca. 25%.

Om det regionale tilskotet samla ikkje utgjer 50% av årleg driftsramme, vil det statlege bidraget bli redusert tilsvarende.

5. Bruk av utstyr

Båtar og anna teknisk utstyr som blir finansiert ved hjelp av statlege og andre offentlege midlar, skal primært brukast til skjøtsels- og driftstiltak innan driftsområdet i tråd med mål i punkt 1 i denne avtalen. Eventuell bruk i tilgrensande område kan avtalast når tenesta har kapasitet. Integrrert i den daglege drifta, skal personell og utstyr kunne utføre oppgåver som t.d. oppsyn med verneområde på oppdrag frå Statens naturoppsyn

Utstyret er samtidig ein del av den samla miljøberedskapen i Møre og Romsdal, og skal utan vidare stillast til disposisjon ved behov, eks ved oljevernaksjonar.

6. Oppseiing

Avtalen gjeld i 4 år frå signeringsdato. Om ein av partane vil trekkje seg, må avtalen seiast opp seinast 6 månader før avtaleperioden går ut. Om ingen seier opp, blir avtalen automatisk fornya for 4 nye år i gongen.

7. Avvikling av ordninga

Dersom Skjergardstenesta vert avvikla, skal tenesta sine midlar og utstyr (med unntak av båtar innkjøpt med spesielle vilkår knytt til finansieringa) stillast til disposisjon for Møre og Romsdal fylkeskommune med føremål å kunne nyttast til tilsvarende/alternative tenester til beste for befolkninga i Møre og Romsdal og ivaretaking av staten sine interesser.



8. Tvistar

Dersom det blir usemje om tolking av avtalen, skal tvisten løysast av staten v/Miljødirektoratet, eller den direktoratet utnemner. Dersom staten er part i tvisten, skal den løysast av ei tvistenemnd med ein valt person frå kvar av avtalepartane.

Signering av avtalen

Stad Molde/Sula dato 16.06.21

For Sunnmøre friluftsråd

Anne Berit Støysa Emblem

For Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal

Ola Frim

For Møre og Romsdal fylkeskommune

Henrik Brøn

For Staten v/Miljødirektoratet

Terje Ovan

